

LOV 1975-06-06 nr 31: Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova).

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i [brukeravtalen](#).

DATO: LOV-1975-06-06-31
DEPARTEMENT: LD (Landbruksdepartementet)
PUBLISERT: ISBN 82-504-1256-7
SIST-ENDRET: [LOV-1992-07-03-95](#) fra 1993-01-01
ENDRER:

SENTRALE FORSKRIFTER

INNHOLD

[Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane \(fjellova\).](#)

[Kap. I. - Kva lova gjeld.](#)

[§ 1. Føresegnene i lova her gjeld for statsallmenningane.](#)

[Kap. II. - Retten til allmenningsbruk.](#)

[§ 2. Rett til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå...](#)

[Kap. III. - Fjellstyre.](#)

[§ 3. I kvar kommune der det er statsallmenning skal det være...](#)

[§ 4. Er det fleire statsallmenningar innan ein kommune, fastset...](#)

[§ 5. Ligg ein statsallmenning i fleire kommunar, slik at det for...](#)

[§ 6. Ligg retten til allmenningsbruk til bygd eller grend i ein...](#)

[§ 7. Fjellstyremedlemene skal ha ei rimeleg godtgjersle for...](#)

[Kap. IV. - Sakshandsaming.](#)

[§ 8. Fjellstyre med fem medlemmer er vedtaksført når minst tre av...](#)

[§ 9. Kjem det opp tvist mellom fjellstyret og allmenningsstyret...](#)

[§ 10. For saksføreavinga i fjellstyret gjeld føresegnene om...](#)

[Kap. V. - Fjellkasse.](#)

[§ 11. For kvart fjellstyre skal det vere ei fjellkasse. Når...](#)

[Kap. VI. - GrunnDisponering.](#)

[§ 12. Iverksetjing av grunnDisponeringstiltak - herunder tiltak...](#)

[Kap. VII. - Avhending.](#)

[§ 13. Statsallmenningsgrunn kan til vanleg ikkje avhendast.](#)

[Kap. VIII. - Vedtekter.](#)

[§ 14. Fjellstyret kan vedta allmenne vedtekter om bruken av...](#)

[Kap. IX. - Beite.](#)

[§ 15. Jordbrukar med beiterett i statsallmenning har rett til å...](#)

[§ 16. Fjellstyret fastset nærare reglar om ordninga av...](#)

[§ 17. Utanom dei reinbeiteområde som er eller vert fastsette i...](#)

Kap. X. - Seter og tilleggsjord.

- [§ 18. Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer...](#)
- [§ 19. Jordbrukarar med beiterett i statsallmenning kan - anten...](#)
- [§ 20. Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret...](#)
- [§ 21. Seter i statsallmenning kan overførast til bruk for...](#)
- [§ 22. Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande...](#)

Kap. XI. - Jakt og fangst.

- [§ 23. I statsallmenning skal dei som siste året har vore og...](#)
- [§ 24. Fjellstyret gjev i samsvar med allmenne føresegner og...](#)
- [§ 25. Jakt og fangst i statsallmenning kan berre drivast mot...](#)
- [§ 26. Kongen fastset forskrifter for jakt på elg, hjort, dådyr...](#)
- [§ 27. Fjellstyret kan gjere vedtak om at statsallmenning eller...](#)

Kap. XII. - Fiske.

- [§ 28. I statsallmenning skal dei som siste året har vore og...](#)
- [§ 29. Fiske i statsallmenning kan berre drivast mot løysing av...](#)
- [§ 30. Fjellstyret kan avgrense talet på fiskekort og elles...](#)
- [§ 31. Fjellstyret kan gjere vedtak om at statsallmenning eller...](#)
- [§ 32. Kongen kan etter krav frå fjellstyret gje samtykke til...](#)

Kap. XIII. - Skjøn

- [§ 33. Skjøn etter lova her er rettsleg skjøn. Stemning og...](#)
- [§ 34. Krav om skjøn etter § 2 tredje stykket. § 15 fjerde...](#)

Kap. XIV. - Ymse føresegner.

- [§ 35. Fjellstyret kan føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter...](#)
- [§ 36. Fjellstyret kan tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn...](#)
- [§ 37. Brot mot påbod eller forbod i denne lova, mot vedtekter...](#)
- [§ 38. Kongen kan fastsette nærare forskrifter til gjennomføring...](#)
- [§ 39. Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Frå...](#)

Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova).

Jfr. lover 19 juni 1992 nr. 59, 19 juni 1992 nr. 60. - Jfr. *tidlegare* lov 12 mars 1920 nr. 5.

Kap. I. - Kva lova gjeld.

§ 1. Føresegnene i lova her gjeld for statsallmenningane.

Kongen kan ta avgjerd om at lova heilt eller delvis skal gjelde også for andre område som tilhøyrer staten.

For skogsdrift og hogstrettar i skog gjeld lova ikkje.

Rettar i statsallmenningane i kraft av særleg heimel går ikkje inn under lova.

Kap. II. - Retten til allmenningsbruk.

§ 2. Rett til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett.

Retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er **naturleg etter tida og tilhøva**.

Retten som er knyttet til jordbrukseigedom kan berre utnyttast så langt det skjer i tilknytning til drifta av eigedomen som jordbruk, og så lenge eigedomen vert driven som jordbruk. Med dei unntak som går fram av lova her, kan slik rett ikkje avhendast, leigast bort eller krevjast avløyst mot vederlag. Vert gardsdrifta nedlagd og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, fell retten bort. Det same gjeld om ein eigedom ved sal eller oreigning misser så mykje av jorda at den ikkje lenger er å rekna som ei jordbruksmessig eining, eller vert delt på ein slik måte at ingen av jordpartane etter delinga er å rekna som jordbruk.

Twist etter siste punktum i andre stykket vert avgjort ved skjøn.

Kap. III. - Fjellstyre.

§ 3. I kvar kommune der det er statsallmenning skal det være fjellstyre.

Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene.

Fjellstyret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Dei vert valde av kommunestyret, eitt medlem som leiar og eitt som nestleiar.

Fleirtalet av medlemmene med varamedlemmer skal veljast blant personar som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg - og som Kongen fastset grensene for - eller i bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd allmenningsbruk i allmenningen.

Funksjonstida er fire år og følgjer kommunevalperioden.

Kommunestyret skal syte for at jakt-, fiske- og friluftsiinteressene vert representerte i fjellstyret og at minst to medlemmer med varamedlemmer vert valde blant dei som har rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukarar. Kongen kan, for område som er eller vert lagt under lova, fastsetje at reindriftsnæringa skal vere representert i fjellstyret og at den eine eller begge av dei to som skal ha allmenningsrett som jordbrukarar i staden skal vere reineigarar. Elles gjeld reglane i kommunelova om kven som kan veljast som medlem av kommunale nemnder tilsvarande ved val av fjellstyre.

Endra med lov 5 juni 1987 nr. 25.

§ 4. Er det fleire statsallmenningar innan ein kommune, fastset Kongen - etter at kommunestyret har gjeve fråsegn i saka - om det skal veljast eitt eller fleire fjellstyre. Elles gjeld § 3 tilsvarande også når det skal veljast eitt fjellstyre for fleire allmenningar.

§ 5. Ligg ein statsallmenning i fleire kommunar, slik at det for same allmenningen skal veljast to eller fleire fjellstyre etter § 3, kan Kongen ta avgjerd om at det skal vere eit felles fjellstyre for allmenningen, anten i staden for eller i tillegg til særskilde fjellstyre som nemnt i § 3. Medlemmene med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i dei kommunane det gjeld.

Før Kongen tek avgjerd etter første stykket, skal fjellstyra og kommunestyra i dei kommunane det gjeld gjevast høve til å uttale seg. I avgjerda skal det fastsetjast kor mange medlemmer frå kvar kommune det skal vere i fellesstyret, og korleis det skal ordnast med val av leiar og nestleiar.

Fjellstyre etter paragrafen her kan ha fem eller sju medlemmer. Vert det valt meir enn fem, skal minst fire av medlemmene og varamedlemmene ha rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukarar.

Kongen kan i visse høve gjere unntak når det gjeld talet på medlemmer i fellesstyret etter tredje stykket i paragrafen her. Elles gjeld § 3 tilsvarande.

Endra med lov 5 juni 1987 nr. 25.

§ 6. Ligg retten til allmeningsbruk til bygd eller grend i ein eller fleire andre kommunar enn den allmenningen ligg i, kan Kongen ta avgjerd om skiping av forsterka fjellstyre med representantar også frå den eller dei kommunane som berre har rett til allmeningsbruk.

Andre og tredje stykket i § 5 gjeld tilsvarande.

Føresegnene i denne paragrafen gjeld tilsvarande når rettar i allmenningen i kraft av særleg heimel ligg til gardar eller grender i andre kommunar enn den allmenningen ligg i.

§ 7. Fjellstyremedlemene skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jfr. § 11. Er det ikkje tilstrekkelege midlar i fjellkassa, vert godtgjersla utgreia av kommunekassa.

Kap. IV. - Sakshandsaming.

§ 8. Fjellstyre med fem medlemmer er vedtaksført når minst tre av medlemene møter. Fjellstyre med meir enn fem medlemmer er vedtaksført når minst fire av medlemene møter. Står røystene likt, gjer leiaren si røyst utslaget.

Endra med lov 5 juni 1987 nr. 25.

§ 9. Kjem det opp tvist mellom fjellstyret og allmeningsstyret (jfr. lov av 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene § 1-2 og § 1-3) om ordninga av allmeningsbruken, skal leiaren i fjellstyret kalla inn dei to styra til eit fellesmøte. Kjem ein ikkje fram til semje kan kvart av styra leggje tvisten fram for departementet, som kan avgjere den eller vise den til avgjerd ved skjøn.

Endra med lover 5 juni 1987 nr. 25, 19 juni 1992 nr. 61.

§ 10. For saksførehavinga i fjellstyret gjeld føresegnene om einskildvedtak i forvaltningslova 10 februar 1967, også når vedtaket gjeld alle bruksrettshavarane. Kongen fastset nærare reglar om m.a. formene for førehandsvarsling og kunngjering av eller melding om fjellstyrevedtak.

Fjellstyrevedtak kan påklagast til og omgjerast av departementet etter reglane i kap. VI i forvaltningslova. Vedtak etter § 16 kan ikkje påklagast til departementet. Det same gjeld vedtak etter §§ 2, 15, 18 og 21 så langt tvistar etter desse paragrafane etter lova skal avgjerast ved skjøn. I staden for å stadfeste eller gjere om fjellstyrevedtak som det er klaga over, kan departementet vise saka til avgjerd ved skjøn etter tiltak av fjellstyret.

Fjellstyrevedtak tek til å gjelde 4 veker etter at det er kunngjort eller det er gjeve melding etter reglane i første stykket, om Kongen ikkje fastset noko anna.

Kap V. - Fjellkasse.

§ 11. For kvart fjellstyre skal det vere ei fjellkasse. Når ikkje anna er fastsett, skal inntekter som følger av lova her gå inn i fjellkassa, medan utgiftene som fjellstyret skal svare vert utgreia av denne.

Fjellstyret skal kvart år leggje fram rekneskap gjennom skogforvaltaren i distriktet til departementet. Kopi av rekneskapet skal sendast kommunestyret. Kongen fastset nærare reglar om rekneskapsføringa og om revisjonen.

Fjellstyret avgjer ved vedtak korleis overskot i fjellkassa skal nyttast. Er overskotet større enn det som trengst til tiltak innan allmenningen, kan det av det overskytande løyvast midlar til føremål som tek sikte på å styrkje næringsgrunlaget i dei bygdene som har rett til

Joar Olav Grøtting 17.2.04 13:49

Kommentar: Statens Landbruksforvaltning er klageinstans for klager på vedtak fattet av fjellstyret.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:03

Kommentar: Adm. utg., oppsynskostnader m.m. Godtgj. til fjellstyremedlemmer fastsettes av kommunestyret, jfr § 7.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:06

Kommentar: Innen 1. juli skal Statsskog SF, via distriktkontoret, ha regnskapet. Det er utarbeidet minstekrav for revisjon og regnskap som beskrevet i Rundskriv 1. 2003

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:09

Kommentar: Kontering. Det skal forekomme hvor mye penger som er brukt til forskjellige oppgaver. Det foreligger standard kontoplan., jfr Runds. 1. 2003.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:01

Kommentar: Kan brukes til tiltak som kommunene normalt har eller bør ha ansvar for

allmenningsbruk. Med samtykke frå departementet kan det òg løyvast midlar til allmenntytige føremål i desse bygdene.

Endra med lov 19 des 1980 nr. 66.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:03

Kommentar: Må ha samtykke fra Statskog. Det foreligger her et brev av 01.06.1994 om hva som er akseptert av Statskog uten å søke.

Kap. VI. - Grunnisponering.

§ 12. Iverksetjing av grunnisponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.

Grunnisponeeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.

Av dei inntekter som staten har av tomtefeste for hytter og hotell skal vedkomande fjellkasse ha halvparten. Elles høyrer bruken av statens grunneigarinntekter under departementet. Desse midlane skal departementet bruke til dekning av utgifter i samband med administrasjonen av statsallmenningane, stønad til ein fellesorganisasjon for fjellstyra, og etter samråd med denne til tiltak i statsallmenningane. Dessutan kan midlane brukast til innløyseing av private særrettar til fiske i statsallmenning, jfr. § 32.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 13:54

Kommentar: Kr. 2205,- tilfaller NFS hvert år. Er disse indeksreg.?

Kap. VII. - Avhending.

§ 13. Statsallmenningsgrunn kan til vanleg ikkje avhendast.

Allmenningsgrunn som er dyrka eller skal brukast som gardsbruk eller som tilleggsjord til gardsbruk kan likevel avhendast.

I særlege tilfelle kan grunn til byggjetomter avhendast.

Føresegna i § 12 andre stykket andre punktum gjeld tilsvarande.

Kap. VIII. - Vedtekter.

§ 14. Fjellstyret kan vedta allmenne vedtekter om bruken av allmenningen. Vedtekter må stadfestast av Kongen før dei vert sette i verk. Om saksførehavinga gjeld reglane i § 10. Endring i eller oppheving av eldre vedtekter skjer på same måten.

Kap. IX. - Beite.

§ 15. Jordbrukar med beiterett i statsallmenning har rett til å beite med så stor buskap som han kan vinterfø på eigedomen.

Fjellstyret kan samtykkje i at det vert beita med større buskap enn nemnt i første stykket, når det kan skje utan skade for andre bruksrettshavarar.

Så langt det i allmenningen er beite som ikkje vert nytta av bruksrettshavarane, kan fjellstyret under tilsvarande føresetnader gjere vedtak om å gje andre - også utanbygdsbuande - rett til å nytte dette beitet, på vilkår som vert fastsette ved avtale.

Tvist om beiting som nemnt i andre og tredje stykket vil vere til skade for nokon bruksrettshavar, vert avgjort ved skjøn.

§ 16. Fjellstyret fastset nærare reglar om ordninga av beitebruken innan statsallmenningen. Reglane kan mellom anna gå ut på inndeling av beitet i felt, fastsetjing av beitetider og

avgrensingar i talet på beitedyr av dei ulike slag innan dei einiskilde beitefelt. I reglane skal det seiast frå om det skal vere høve til beiting med lausfe og i tilfelle på kva vilkår.

Fjellstyrevedtak etter første stykket kan havast inn for jordskifteretten innan ein frist på 6 månader, jfr. lov 21. desember 1979 om jordskifte o.a. § 33 andre stykket.

Endra med lov 19 juni 1992 nr. 61.

§ 17. Utanom dei reinbeiteområde som er eller vert fastsette i medhald av lov kan tamreindrift i statsallmenning berre føregå etter særskilt løyve frå fjellstyret. Slikt løyve kan gjevast for inntil 10 år om gongen, men berre så framt tamreindrift ikkje vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane og heller ikkje andre omsyn gjer det utilrådeleg.

Fjellstyrevedtak etter paragrafen her må stadfestast av departementet for å være gyldig. Departementet kan vise spørsmålet om tamreindrift vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane til avgjerd ved skjøn.

Kap. X. - Seter og tilleggsjord.

§ 18. Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av garden hans, kan få utvist slik seter, anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising som nemnt i første stykket. Det er eit vilkår at utvising kan skje utan vesentleg skade for anna bruksutnytting i allmenningen eller for skogen, og at det heller ikkje vil vere til hinder for ei føremålstenleg inndeling og utnytting av beitet.

Spørsmål om utvising i barskogområde vert avgjort av fjellstyret og allmeningsstyret i fellesskap.

Twist om vilkåra for utvising ligg føre vert avgjort ved skjøn.

Er det utviste ikkje innan 5 år teke i bruk i samsvar med opplysningar gjeve i søknaden, eller med vilkår som i tilfelle er sette for utvisinga, fell retten bort.

Endra med lov 19 juni 1992 nr. 61.

§ 19. Jordbrukarar med beiterett i statsallmenning kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord.

Er det utviste ikkje teke i bruk innan 5 år, fell utvisinga bort.

§ 20. Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.

Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen.

§ 21. Seter i statsallmenning kan overførast til bruk for jordbrukar(ar) som ikkje har beiterett i allmenningen, når ingen av beiterettshavarane ønskjer å overta setra og fjellstyret samtykkjer. Det same gjeld utvist tilleggsjord, når både departementet og fjellstyret samtykkjer.

Vidare kan fjellstyret utvise seter til jordbrukar(ar) som ikkje har beiterett i allmenningen, når det er høveleg unytta beiteområde som ingen av beiterettshavarane er interesserte i å nytte.

Jord som er skikka til dyrking eller til kulturbeite, og som ingen av beiterettshavarane søker om å få utvist, kan departementet med samtykkje frå fjellstyret leige bort til jordbrukar(ar) som ikkje har beiterett i allmenningen. Leigeinntektene tilfell fjellkassa.

Den nye bruken etter andre og tredje stykket i paragrafen må ikkje vere til vesentleg skade for bruksrettshavarane si utnytting av allmenningen eller for skogen. Twist om dette vert avgjort ved skjøn. Dei nærare vilkår - herunder vederlag for bruken - vert fastsette ved avtale.

§ 22. Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Bortfall av rett til seter etter første stykke nr. 2 får først verknad 5 år etter at lova har teke til å gjelde, med mindre retten etter § 20 i lov 12 mars 1920 ville ha falle bort før.

Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når tilleggsjorda i 5 år samanhengande ikkje har vore i bruk.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 15:00

Kommentar: Ikke brukt på 20 år eller gårdsdriften i bygda lagt ned.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 15:12

Kommentar: Det forutsettes at en har dyr som skal inn i hus for melking. Melking er faktisk en forutsetning.

Joar Olav Grøtting 17.2.04 15:03

Kommentar: Kan legges til en som har behov for seter, kreves revet eller omdefinert den til fritidseiendom og feste kontrakt opprettes. Overf. til feste kan kun skje etter samtykke fra fjellstyret.

Kap. XI. - Jakt og fangst.

§ 23. I statsallmenning skal dei som siste året har vore og framleis er fast busette i Norge ha rett til under like vilkår å oppnå høve til å drive jakt utan hund på småvilt.

Fjellstyret avgjer om det skal gjevast løyve til å drive fangst av småvilt og jakt med hund på småvilt. Like eins avgjer fjellstyret om løyve til slik jakt skal gjevast til personar som har jaktrett etter første stykket eller berre til personar som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg - og som Kongen fastset grensene for - eller i bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd allmenningsbruk i allmenningen.

Fjellstyret kan avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten. Fjellstyret kan og avgrense talet på dei som kan få høve til å drive fangst av småvilt, på dei som kan få høve til å drive jakt utan hund på småvilt og på dei som kan få løyve til å drive jakt med hund på slikt vilt. Ved eventuell avgrensing av talet på dei som kan få høve til slik jakt som nemnt i første stykket, må fjellstyret sjå til at det vert rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.

Før fjellstyret gjer noko vedtak etter andre og tredje stykket, skal kommunen uttale seg. Er det usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Endra med lov 3 juli 1992 nr. 95.

§ 24. Fjellstyret gjev i samsvar med allmenne føresegner og tildelte kvoter løyve til jakt på villrein i statsallmenning. Elles gjeld § 23 andre stykket, tredje stykket første og andre punktum og fjerde stykket tilsvarende for fjellstyrevedtak etter paragrafen her så langt dei høver.

§ 25. Jakt og fangst i statsallmenning kan berre drivast mot løysing av jaktkort og betaling av avgift. Avgifta, som vert fastsett av fjellstyret, må godkjennast av departementet. Fjellstyret har høve til å setja ulik avgift for dei som er busette i område, bygd eller grend slik som nemnt i § 23 andre stykket og for andre jegrar. Avgifta kan og setjast ulik for jakt utan hund på småvilt og for slik jakt med hund.

Innehavaren skal ha jaktkortet med seg under jakta, og pliktar å vise det fram når dette vert kravt av jakttoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.

Fjellstyret kan nekte å skrive ut jaktkort til den som i dei 3 siste åra rettskraftig er dømd til straff, eller har vedteke førelegg om straff, for brot mot nokor føresegn om jakt.

Kongen fastset nærare forskrifter om jaktkort og om kontroll med jakt og fangst i statsallmenning.

§ 26. Kongen fastset forskrifter for jakt på elg, hjort, dådyr, rådyr og bever og jakt på rovvilt.

§ 27. Fjellstyret kan gjere vedtak om at statsallmenning eller del av statsallmenning skal vere med i eit større jaktområde, når dette er føremålstenleg av omsyn til den jaktmessige utnyttinga av allmenningen.

Under same vilkår kan fjellstyret gjere vedtak om bortleige av småviltjakta i allmenningen eller deler av denne til ein organisasjon som har fremje av jakt og viltstell som føremål.

Før det vert gjort vedtak som nemnt i første og andre stykket, skal kommunen gje fråsegn. Vedtaket må stadfestast av departementet. Avtale om skiping av sams jaktområde eller om bortleige må ikkje føre til at dei som er nemnt i § 23 første stykket vert stelt vesentleg dårlegare enn før med omsyn til å kunne oppnå høve til jakt.

Endra med lov 3 juli 1992 nr. 95.

Kap. XII. - Fiske.

§ 28. I statsallmenning skal dei som siste året har vore og framleis er fast busette i Norge ha rett til under like vilkår å oppnå høve til å drive fiske med krok utan faststående reiskap, likevel ikkje fiske med oter.

For fiske etter anadrome laksefisk gjeld § 4 i lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.

Fjellstyret kan gje løyve til å drive også anna slag fiske for dei som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg - og som Kongen fastset grensene for - eller i bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd allmenningsbruk i allmenningen. Like eins kan fjellstyret gje slikt løyve også for andre som har fiskerett etter første stykket, når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vere til skade for fisken i vassdraget. Dei gardar og bygdelag som har drive fiske med faststående reiskap frå gamal tid, skal ha førerett til slikt fiske framom andre.

Fjellstyret kan gje også utlendingar - som ikkje fyller kravet til busetnad etter første stykket - løyve til å drive slikt fiske som nemnt i første stykket.

Før fjellstyret gjer vedtak etter tredje stykket, andre punktum og fjerde stykket skal det lokale fiskeorgan gje fråsegn. Er det usemje mellom fjellstyret og det lokale fiskeorgan, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Endra med lov 15 mai 1992 nr. 47.

§ 29. Fiske i statsallmenning kan berre drivast mot løysing av fiskekort og betaling av avgift. Avgifta, som vert fastsett av fjellstyret, må godkjennast av departementet. For dei som siste året har vore og framleis er fast busette i Norge, skal det vere lik avgift for fiske etter § 28 første stykket. Elles kan avgifta setjast ulik for dei som får løyve til fiske etter § 28 andre stykket, første punktum, eller andre stykket andre punktum, og etter tredje stykket. Den kan og setjast ulik for fiske med krok utan faststående reiskap, for fiske med oter og for fiske med faststående reiskap. Barn under 16 år treng ikkje å løyse fiskekort eller betala avgift for fiske med krok utan faststående reiskap.

Innehavaren skal ha fiskekort med seg under fisket, og når han oppheld seg på eller ferdast til eller frå fiskeplassane med fiskereiskap. Han pliktar å vise det fram når dette vert kravt av fiskeoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.

Kongen fastset nærare forskrifter om fiskekort og om kontroll med utøving av fisket.

§ 30. Fjellstyret kan avgrense talet på fiskekort og elles setje i verk slike innskrenkingar med omsyn til fiske og reiskapsbruk som det finn naudsynleg. Fjellstyret kan likevel ikkje gjere innskrenkingar i fiske etter § 28 første stykket på annan måte enn ved å avgrense talet på

fiskekort, og avgrensinga må i tilfelle skje slik at det vert rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.

Før det vert gjort vedtak om innskrenkingar i fisket etter første stykket, skal det lokale fiskeorgan gje fråsegn. Er det usemje mellom fjellstyret og det lokale fiskeorgan, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Fjellstyret kan med godkjenning av departementet gjere vedtak om at einskilde område av allmenningen skal fredast for alt fiske for eit tidsrom av inntil 10 år om gongen. Godkjent vedtak om dette skal kunngjerast i pressa, ved oppslag eller på annan måte minst 4 veker før det tek til å gjelde.

Endra med lov 15 mai 1992 nr. 47.

§ 31. Fjellstyret kan gjere vedtak om at statsallmenning eller del av statsallmenning skal vere med i eit større fiskeområde, når dette er føremålstenleg av omsyn til utnytting av fisket i allmenningen.

Under same vilkår kan fjellstyret gjere vedtak om at fisket i statsallmenning eller del av statsallmenning skal leigast bort til ein organisasjon som har fremje av fiske som føremål.

Før det vert gjort vedtak etter første og andre stykket, skal det lokale fiskeorgan gje fråsegn. Avtale etter paragrafen her må godkjennast av departementet, og må ikkje føre til at dei som er nemnt i § 28 første stykket, vert stilt vesentleg dårlegare enn før med omsyn til å kunne få høve til å fiske.

Endra med lov 15 mai 1992 nr. 47.

§ 32. Kongen kan etter krav frå fjellstyret gje samtykke til oreigning av private særrettar (jfr. § 1 fjerde stykket) til fiske i statsallmenning, til bate for dei som vil kunne få høve til fiske etter denne lova.

Kap. XIII. - Skjøn

§ 33. Skjøn etter lova her er rettsleg skjøn. Stemning og forkynning m.v. kan skje etter reglane i lov av 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar §§ 1-7 og 1-8.

Endra med lov 19 juni 1992 nr. 61.

§ 34. Krav om skjøn etter § 2 tredje stykket, § 15 fjerde stykket, § 18 fjerde stykket, og like eins etter § 21 fjerde stykket for avgjerd av tvist om seterutvising etter andre stykket, må vere sett fram innan 3 uker etter at fjellstyrevedtaket er kunngjort eller det er gjeve melding om det etter reglane i § 10. Fjellstyret kan krevje skjøn etter desse paragrafane før det vert gjort vedtak.

Skjøn etter § 12 første stykket, og like eins etter § 21 fjerde stykket for avgjerd av tvist om bortleige av jord etter tredje stykket, må krevjast innan 3 veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller leigeavtala. Departementet kan krevje skjøn etter desse paragrafane før det vert teke avgjerd.

Kap. XIV. - Ymse føresegner.

§ 35. Fjellstyret kan føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av skogforvaltaren. Vilkåra etter lovgjevinga elles må liggje føre.

§ 36. Fjellstyret kan tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn kan gjevast politifullmakt etter § 15 i lov 13 mars 1936 nr. 3¹ om politiet.

Oppsynsmenn vert løna av fjellkassa. Når tilsetjinga er skjedd i samsvar med oppsynsordning som departementet har godkjent, har fjellstyret krav på å få refundert halvparten av lønnsutgiftene av statskassa.

Fjellstyret gjev instruks for oppsynstenesta. Instruksen skal godkjennast av departementet.

1 Opphevd. Sjå no lov 4 aug 1995 nr. 53 § 20.

§ 37. Brot mot påbod eller forbod i denne lova, mot vedtekter fastsette i medhald av § 14 eller reglar og forskrifter fastsette med heimel i §§ 11 andre stykket, 16, 23 tredje stykket, 25 fjerde stykket, 26, 29 tredje stykket og 30 første og tredje stykket vert straffa med bøter eller med fengsel i inntil 3 månader, om ikkje tilhøvet går inn under strengare straffeføresegner.

Med mindre det gjeld brot mot føresegn om jakt, fangst eller fiske vert påtale ikkje reist av det offentlege utan at det vert kravt av fjellstyret eller nokon som er krenkt. Fjellstyret kan gje formannen allmenn fullmakt til å krevje påtale.

§ 38. Kongen kan fastsette nærare forskrifter til gjennomføring av lova, herunder og overgangsføresegner i samband med iverksetjinga av lova. Føresegnene i § 37 gjeld tilsvarande så langt det i forskrifter etter paragrafen her vert fastsett at brot mot dei skal kunne straffast.

§ 39. Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Frå same tid vert det gjort slike brigde i etternemnde lover: - - -

Joar Olav Grøtting 17.2.04 14:28

Kommentar: Standard oppsynsinstruks er utarbeidet, av 01.01.02. Fjellopsynet skal kunne utøve oppgaver på vegne av SNO. Da rapp. de direkte til SNO.